

# B E R G S Ø Y I D R E T T S L A G .

## Årsberetning for 1963/64.

Denne Årsberetning omfatter Bergsøy Idrettslag's 20. rekneskapsår nemlig frå den 15/10 1963 til 28/10 1964. Det er i denne periode holdt 4 ordinære styremøter.

### Arrangementer.

Det har i året som er gått vore halde 4 dansar, 3 kaketombolaer, og utlodning av 5 kg spekekjøtt og ei dukke med utstyr. Dette har gitt laget ei nettointekt på kr+ 4430,92. Vidare vart det av laget selt 400 lodd i Olympialotteriet. 50 % av dette salget kom laget ~~til~~ tilgode. Frå Sunnmøre Kredittbank fekk laget ei gave på 500,- kr. På grunn av det dårleg veiret har Kampene gitt magert utbytte, dette gjeld også handballgruppa sine kampar.

Det er søkt Herøy Komune om eit tilskot, og etter det vi har fått opplyst har Formannskapet tilrådd ei bevilgning på 4000,- kr.

### Fotball.

#### A-laget.

Vi har lenge sett fram til den dag vi kunne få drive innandørs-trening i skikkelege lokale, og endeleg i fjor haust vart gymnastikk-salen ved Bergsøy skule ferdig. Vi fekk tildelt to kveldar i veka til trening for a-laget. I mars kunne ein ta til med treninga på fotball-bana , og fyrste treningskampen vart spela i slutten av månaden. Før seriestarten vart det ialt spela 5 treningskampar.

5. Div. besto i år av fylgjande lag: Brattvåg, Bergsøy, Emblem, Hareid, Stordal, Volda, Blindheim og Mauseidvåg. Dei to siste kom opp frå 6. div., mens Hareid kom ned frå 4.div.

Stordal vart seriemester 1964, med Blindheim på 2.plass , desse to rykker opp i 4.div. Den vidare rekkefylgje vart: Nr.3 Volda ,

. 4 Mauseidvåg, nr.5 Bergsøy , nr.6 Brattvåg, nr.7 Hareid,  
nr.8 Emblem.

Dei to siste rykker med i 6.div. Vårt fotball- lag&s innsats har vore noke ujamn, mens laget har vunne over Stordal og Volda, og spela uavgjort mot Blindheim på i våre heimekampar mot desse laga, har laget tapt unødige poeng mot dei tre jumbølaga. Det skorta tross alt berre fire poeng på opprykning, mens vi på den andre side hadde dumpa ned i sjetta med berre tre poeng mindre. Brattvåg unlot å møte til vår heimekamp mot laget , og vi nedla protest mot dette. Sunnmøre Fotballkrets avviste denne , men vår appell til Norges Fotballforbund vart teken til fylgjes og vi fekk tildet begge poenga.

Guttelaget.

Det vart også iår påmelt guttelag og juniorlag,men juniorlaget måtte trekkast ut av serien på grunn av dårleg økonomi og lite spelara. Guttenserien besto av 4 avdelingar, og vårt lag skulde møte desse: Hareid, Hødd , Volda og Ørsta. Det skulle speelast i dobbel serie. Laget har innfridd dei forventningar vi hadde og har vunne alle sine kampar i si avdeling, ialt 8 og med eit måltall på 43-6.

Sluttkampane mellom avdelingsvinnarane vart arrangerte som cup og semifinalekampane fekk dette utfall:

Bergsøy - Herd 5-0

Langevåg - Spjelkavik 6-1

Finalekampen mellom Langevåg og Bergsøy vart beramma til Nørve Fotballplass den 25/10. Kampen enda 2-2 etter at vårt lag hadde leda 2-0 ved pause. Det vart av kretsens forretningsfører tett før kampen tok til oppløyst at i tilfelle uavgjort skulle straffesparkkonkurransen avgjere, men under den forutsetning at denne vart godkjent av kretsstyret seinare. Langevåg vann straffesparkkonkuransen med 3-1. Kretsstyret behandla saka 27/10 og vedtok, mot 2 stemmer, å tildele Langevåg kretsmesterskapet . På styremøte i Bergsøy Idrettslag den 30/10

vart det enstemmig vedteke å appellere denne avgjerd til Norges Fotballforbund. Etter vår oppfatning måtte straffesparkkonkurransen vere behandla og godkjent før kampen og medelt laga igod tid skriftleg.

Det er dessuten eitt spørsmål om finalekampar om kretsmesterskap i det tatt heile kan avgjerast med straffesparkkonkuranse.

Det er til denne tid ikkje kome melding om at appellen har vore behandla i Norges Fotballforbund.

### Handball

Etter at handballsporten har leie i dvale i mange år her på Sunnmøre, vart det ~~i år~~ i vår gjort forsøk på å få igong ein handballserie. Dette lukkast også og desse laga melde seg på: Langevåg , Herd , Ellingsøy, KFUM-kammeratene , Ringen og Bergsøy.

Våre damer har alltid hatt eit bra tak på handballen og laget gjorde ~~ikke~~ også denne gang ein fin innsats. Dei vann alle fire vårkampane , og av dei seks haustkampane vann dei 4 og tapte to, nemleg mot Langevåg i Langevåg og mot Ringen på Straumegjerde. Denne siste var avgjerande om kretsmesterskapet, med seier her hadde vårt damelag gått helt til tops. Langevåg vart kretsmester.

Av 10 kampar vant altså laget 8 , og samla måltall 57-34.

### Idrettsanlegget.

På fotballbana og klubbhus er det i år berregjort vanleg vedlikahaldsarbeid.

### Tillitsverv.

Hovedstyre:

Formann: Eystein Botn

Nestform. : Gunnar Kjellstadli

Kasserer: Egil Leikanger

Sekretær: Perry Pettersen

Styremedlem: Asmund Myklebust

Varamenn:

Sverre Bohn, F. Frantzen, J. Skarv

Revisorer: P. Worrin, A. Saevik

Oppmann A-laget: Sverre Botn

UK A-laget: Jon Stenersen, Ludvik Hansen, S. Botn

Varamenn: N. Rønne, Sommerseth

Oppmann Juniorer: H. Rønne

Oppmann gutter:

Uk-juniorer:

Uk gutter:

Banenemd: P. Pettersen, S. Paulsen, D. Myklebust, K. Arnesen, G. Røksvåg

Klubbhusnemd: Sommerseth, Rønne

Arkivar: E. Leikanger

Kontrollnemd: F. Voldnes, E. Hamrin

Arrangementskomite: Harald Rønne (form.), Sigm. Paulsen  
Penny Pettersen, Annhild Tøllås, G. Sommerseth  
Petter K. Pettersen

Damegruppa.

Styre:

Formann: Margot Røksvåg

Nestformann: Grete Stenersen

Styremedlemmer: G. Sommerseth, Annhild Tøllås, Inger Anne Fjærmyr

Oppmann og Reiseleder: Sigm. Paulsen

Materialforvalter: G. Sommerseth

Banenemd: Petter K. Pettersen

Abendingen til Sommeren Fjellskolelag: G. Kjellstadli  
Skeltskulelag: Børge Leikanger

På vegne av det gamle styret vil eg takke alle medlemmer og tilitsmenn for det året som er gått, og ynskje dei nye tillitsmennene alt godt med det vidare for laget i året som kjem.

Fosnavåg 14. november 1964

Bergsøy Idrettslag

Sverre Botn